

Svar på spørsmål frå Arve Helle - Rassikringsprosjekt på Gullbrå og Granvin

Ved utlysingar skal Vestland Fylkeskommune følgje vedtekne mål for innkjøp og dei overordna måla som ligg i innkjøpshandboka. Det er gjort her. Det er ikkje vedteke at Vestland Fylkeskommune er pliktig til å følgje Statens vegvesen sine malar. Likevel er det slik at dette er eit utgangspunkt for våre konkurransegrunnlag, og så må vi vurdere kva krav som skal gjelde for våre konkurransar.

I gjeldande mal frå SVV er det valfritt om ein vil ha eigne kvalifikasjonskrav for *system for YM og kvalitetsstyring*. For ordens skuld gjer vi merksam på at krava til YM (ytre miljø) ikkje er endra.

Tidlegare var krava frå SVV vanskelegare å frå fritak for. Opplysningar frå Region vest i Statens vegvesen viser at dei absolutte krava førte til reaksjonar frå mellom Maskinentreprenørenes Forbund (MEF). Desse gjekk på at små og mellomstore bedrifter opplevde at SVV ikkje godtok MEF sitt system for kvalitetssikring. For små og mellomstore bedrifter (som kan vere aktuelle for denne entreprisen) kan det vere utfordrande å implementere eller dokumentere eit styringssystem på nivå som ISO 9001:2015 og ISO 14001(2015)/EMAS.

Denne saka gjeld eit prosjekt med kostnadsramme på 18 mill. kr. Det er krav til YM (Ytre Miljø) med tanke på leveransane. Det er også krav til den tekniske leveransen. Etter forskrift om anskaffingar §8-7 skal kvalifikasjonskrav vere tilpassa det enkelte prosjektet. *Krava skal knytast til og stå i forhold til leveransen og vere relevante for å sikre at leverandøren har kvalifikasjonane til å utføre kontrakten.*

Vår vurdering er at kvalifikasjonskrava er tilpassa dette prosjektet. Vi vonar at vi får mange og gode tilbod, og gjerne frå regionale tilbydarar. Krava til miljø og kvalitet i leveransen står fast.